



Ovidiu Damian Ruja
Heiane 8a
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2747 - 16/9865

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
01.06.2016

Godkjenning- Søknad om oppføring av påbygg til gbnr 27/179 på Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 134/2016

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om oppføring av eit påbygg/tilbygg til einebustad på gbnr 27/179 på Moldekleiv. Nytt tiltak blir på 21,9 m² og skal innehalde allrom i Plan2/hovedetasjen. Under terrassen har det fram til no vore uinnreda, men BYA vert ikkje endra då arealet har vore overbygd med terrasse.

Søknaden var komplett 23.5.2016

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 14.10.2015 og tilleggsdokumentasjon motatt 14.3, 19.4 og 23.5.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla i perioden 5.10 – 11.10.2016. Det er ikkje motteke merknader frå naboar, og varslinga vert rekna som tilstrekkeleg i samvar med Pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Gbnr 27/179 er på 986 m² som gjennom Reguleringsplan for Moldekleiv (arealplanid 125619880003) er regulert til bustad med garasje. Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget og det er ikkje trong for dispensasjon.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 14.10.2016.

Utforming, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt og fasadeteikningar journalført motteke 14.10.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava til utsjånad og funksjon i pbl §§ 29-1 – 29-3.

Ansvar:

Kommunen leggetil grunn at foretaket har vurdert funksjonen som er erklært ansvar for, og erklæring av ansvar følger av innsendt gjennomføringsplanen.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-3, løyve til oppføring av påbygg og tilbygg til einebustad på gbnr 27/179 i Meland kommune. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og teikningar journalført motteke 14.10.2015, jf pbl § 29-4, andre ledd.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram av i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan

difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett gbnr 29/179

01 Ny situasjonsplan

04 Nye fasader

Mottakere:

Ovidiu Damian Ruja

Heiane 8a

5918

FREKHAUG